

# HJELPEMIDDELBEHOV I FRAMTIDA

Ei framskriving av talet på brukarar av hjelpemiddel fram mot 2060

Av Sigurd Gjerde

## Samandrag

*I denne artikkelen vil vi gå gjennom framskrivingar av talet på brukarar av hjelpemiddel frå NAV fram mot 2060. Føremålet er å synleggjere effektar av endringar i befolkningsstrukturen når det gjeld tenester frå hjelpemiddelsentralane si side. Søkelys på denne aldersforskyvinga skal kunne bidra til å førebu formidlingsapparatet på eit press frå ei aukande mengde brukarar. Dei ulike ledda i formidlingsapparatet må vere dimensjonert og organisert for å kunne ta imot ein slik auke. Målsetjinga er aktiv deltaking og inkludering for alle.*

*NAV kjøper inn nye hjelpemiddel for om lag 2,6 milliardar kroner per år, og i tillegg vert det formidla ei stor mengde gjenbrukte hjelpemiddel.*

*Framskrivningane syner at den samla brukartilgangen av hjelpemiddel ved hjelpemiddelsentralane og dei kommunale tenestene vil auke sterkt som følge av aldringa i befolkninga. Dei første åra blir det svakare auke. Spesielt sterk auke vil vi få etter 2025 på grunn av stor auke i befolkninga 80 år og eldre. Vi vil få aukande brukartal spesielt i aldersgruppene 70 år og over i heile perioden, medan talet på brukarar i dei yngre aldersgruppene er meir stabile.*

## Innleiing – kvifor ei ny framskriving på hjelpemiddelområdet

Hjelpemiddelsentralane har ansvar for formidling av hjelpemidlar, utstyr og tenester etter brukarane sine behov, og dei har forvaltningsansvar for ein svært stor og mangfaldig hjelpemiddelpark. NAV kjøper inn nye hjelpemidlar for om lag 2,6 milliardar kroner kvart år, og i tillegg vert det formidla ei stor mengd gjenbrukte hjelpemidlar (sjå faktaboks om statistikk).

Denne artikkelen er ei oppdatering og vidareføring av artikkelen «Framtidige behov for hjelpemiddel», i Arbeid og velferd nr 2, 2007. Da skisserte vi korleis talet på brukarar ved hjelpemiddelsentralane vil kunne utvikle seg fram mot 2030. Vi vil her utvide horisonten heilt fram til 2060. Det blir nytta nye og oppdaterte befolkningsframskrivingar, og det blir teke omsyn til endringar som har skjedd på hjelpemiddelområdet, i regelverket og i administrative ordningar.

Føremålet er å få fram effektar av endringar i befolkningsstrukturen når det gjeld tenester frå hjelpemiddelsentralane si side. Ein stor del av brukarane ved hjelpemiddelsentralane kvart år er over 70 år. Den samla tilgangen av brukarar til hjelpemiddelsentralane og dei kommunale tenestene knytte til hjelpemiddel vil auke sterkt som følge av aldringa i befolkninga. Merksemd på denne aldersforskyvinga skal kunne medverke til å førebu formidlingsapparatet på eit press frå ei aukande mengde brukarar. Dei ulike ledda i formidlingsapparatet må vere dimensjonert og organisert for å kunne ta imot ein slik auke. Dette vil vere viktig med tanke på målet om aktiv deltaking og inkludering i samfunnet også for personar med funksjonsvanskar.

## Data og metode

Vi har i denne samanhengen henta data frå to kjelder. Som grunnlag for folketalsutvikling har vi nytta Statistisk Sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar for folketallet i dette hundreåret. Når det gjeld talet på hjelpemiddelbrukarar, har vi teke ut statistikk i NAV sin database for aktivitet ved hjelpemiddelsentralane.

SSB sine framskrivingar for folketalsutvikling framover bygger på bestemte føresetnader for talet

## Definisjonar og forklaringar

**Nedsett funksjonsevne** – kan forståast som eit misforhold mellom individet sine føresetnader og omgjevnaden sine krav. Funksjonsnedsetting kan vere av fysisk, psykisk eller sosial art. (Sjå elles drøftingar omkring definisjonane i NOU 2001: 22 Fra bruker til borger, og i NOU 2010: 5, Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering).

**Grunnlag for stønad til hjelpemiddel** – personar som på grunn av sjukdom, skade eller lyte har vesentleg og varig innskrenka alminneleg funksjonsevne har rett til stønad når det blir rekna som nødvendig og tenleg for å betre evna til ha arbeid eller å klare gjeremål i dagleglivet.

**Hjelpemiddel** – Ein gjenstand som reduserer eit praktisk problem (NOU 2010: 5).

**Registrerte hjelpemiddelbrukarar** – alle som på eit tidspunkt har eit aktivt lån av hjelpemiddel, uavhengig av når dei har fått dei.

**Betente hjelpemiddelbrukarar** – alle som i løpet av ein tidsperiode, vanlegvis eit år, har fått låne hjelpemiddel.

på fødselar, gjennomsnittleg levealder, innvandring og utvandring. For kvar av desse variablane er det gjort analysar som bygger på utviklinga dei siste åra og endringstendensar som allereie er i gang. SSB har utarbeidd framskrivingane i tre alternativ for kvar av variablane, høg, middels og låg. I denne samanhengen har vi nytta middels-alternativet for alle dei nemnde variablane.

Om vi kjem lenger utover i tid, så vil avstandane mellom alternativa kunne bli stor. Usikkerheita vert naturleg nok større desto fleire år framover som framskrivingane gjeld. Vi har her gjort framskrivinga til 2060. Dette er nok problematisk nettopp på grunn av usikkerheten ved framskrivingar så langt fram i tida. På den andre sida kan det vere nyttig å synleggjere noko av det framtidige behovet for ressursinnsats på dette området, også på lang sikt utover dei første 20 åra.

Data for talet på hjelpemiddelbrukarar er henta frå hjelpemiddelsentralane sitt datasystem. Dette er eit system som står for ein omfattande logistikk ved hjelpemiddelforvaltninga, som innkjøp, utlån, gjenbruk og lagerhald. Det er også eit register over brukarar ved sentralane. I systemet blir det generert

## Hjelpemiddelstatistikk for 2012

(Innkjøp gjeld berre det som er finansiert gjennom NAV)

Innkjøp nye hjelpemiddel kvart år totalt:  
Omlag 2,6 milliardar kroner

Innkjøp hovudhjelpemiddel, dvs. hjelpemiddel utanom ekstra deler og tilbehør: Omlag 2,0 milliardar kroner

Verdi av utlånte hovudhjelpemiddel kvart år:  
Omlag 2,8 milliardar kroner

Verdi av gjenbruk hovudhjelpemiddel kvart år:  
Rekna til omlag 770 millionar kroner

Tal på registrerte brukarar ved hjelpemiddelsentralane:  
Om lag. 400 000 personar, tilsvarande omkring  
8 prosent av folketalet

Tal på betente brukarar i 2012: 129 890 personar.

Tal på andre brukarkontaktar årleg, som service,  
rådgjeving og anna i 2012: 36 952 personar.

## Regelendringar dei siste åra

2003 Overføring av behandlingshjelpemiddel til helseføretak

2004 og 2005 Ein del hjelpemiddel og utstyr tekne ut av stønadsordninga.

2010 Avvikling av tilskot til standard datautstyr

2012 Ein del små og rimelege hjelpemiddel tekne ut av stønadsordninga

2012. Ein del hjelpemiddel til trening og aktivitet, som ikkje er spesielt produsert for personar med funksjonsvanskar er tekne ut av stønadsordninga.

sentral statistikk basert på alle fylkesvise registreringar. Vi har her nytta informasjon om dei brukarane som har lånt eit eller fleire hjelpemiddel i løpet av året 2012.

Vi har delt inn både folketalet og hjelpemiddelbrukarane i aldersgrupper, kvar på 10 årsklassar. I tabell 1 er kvar aldersgruppe av hjelpemiddelbrukarar rekna i prosent av folketalet i tilsvarande gruppe. I brukarframskrivingane er desse prosentdelane vidareførte for alle dei åra vi har teke med.

## Hjelpemiddelsentralar

Hjelpemiddelsentralane vart i 1995 overført frå fylkeskommunane til trygdeetaten, og har vore ei spesialteneste i NAV sidan 2006. Formidling av hjelpemiddel for personar med funksjonsvanskar er ei stor verksemd. Det er ein hjelpemiddelsentral i kvart fylke, med unntak av Akershus og Oslo, som har ein felles sentral.

Kommunehelselova pålegg kommunane å ha eit rehabiliteringstilbod til innbyggjarane. Gjennom forskrift om habilitering og rehabilitering (2001) har kommunane eit ansvar i hjelpemiddelsaker. Kommunane skal vere førstelineteneste og koordinerande instans for dei behova for tiltak som brukaren måtte ha. Dei skal syte for nødvendige hjelpemiddel og legge til rette miljøet kring den enkelte brukar. Hjelpemiddelsentralane har i dei fleste tilfelle ei rolle som andrelinjeteneste, og skal støtte opp med kompetanse, produktkunnskap og eventuelle spesialtilpassingar av hjelpemiddel og tiltak. Hjelpemiddelsentralane skal støtte kommunane på område der dei ikkje har tilstrekkeleg kompetanse sjølv. Brukarane skal få det same tilbodet og bli møtt av kompetente fagfolk, uavhengig av bustad.

Hjelpemiddelsentralane er tverrfaglege ressurs- og kompetansesentra på hjelpemiddeltiltak og fysisk tilrettelegging for personar med funksjonsvanskar. Dei skal bidra til heilskaplege problemløysingar i heim, skule, arbeid og fritid, og dei skal ha kompetanse på produkt og løysingar, og korleis hjelpemiddel og ergonomiske tiltak kan kompensere og avhjelpe funksjonstap. Hjelpemiddelsentralane har i tillegg eit overordna ansvar for forvaltning av hjelpemiddelparken, sortimentstyring, og for å få til ei god utnytting av samfunnet sine ressursar ved størst mogeleg gjenbruk av hjelpemiddel.

## Formidling av hjelpemiddel

### – ein viktig del av velferdssamfunnet

Om lag 2,6 prosent av befolkninga lånte eit eller fleire hjelpemiddel frå NAV i 2012. Tabell 1 syner at ein stor del av desse brukarane er over 70 år. I 2012 var denne prosentdelen på 61,4 prosent. Blant dei viktigaste hjelpemiddeltypane er dei som er for personar med problem med rørsle og mobilitet. Det kan vere rullestol, andre ganghjelpemiddel, og mange ulike typar spesialutstyr for å kunne klare seg i eige hushald, eller for å kunne bli pleidd av andre i heimen. Andre typiske hjelpemiddelgrupper er dei for personar med syns- og høyrseproblem. Teknologibaserte hjelpemiddel, datautstyr med vidare, har lenge vore eit viktig område, og det kan nyttast innanfor ulike former for funksjonsproblem. Tradisjonelt er det dei yngre brukarane som nyttar databaserte hjelpemiddel. Stønaden til dette har

**Tabell 1.** Talet på brukarar med utlån i 2012, prosentdel av desse i kvar aldersgruppe, og brukarane som prosentdel av befolkninga i same aldersgruppe.

Aldersgruppe	Tal på brukarar med utlån i 2012	Del i kvar aldersgruppe Prosent	Del ibefolkninga Prosent
0-9 år	5 040	3,9	0,82
10 - 19 år	8 222	6,3	1,29
20 - 29 år	3 442	2,6	0,53
30 - 39 år	3 676	2,8	0,54
40 - 49 år	6 313	4,9	0,87
50 - 59 år	8 897	6,8	1,42
60 - 69 år	14 561	11,2	2,72
70 - 79 år	22 692	17,5	7,63
80 - 89 år	41 370	31,8	22,78
90 år og over	15 678	12,1	39,25
<b>Sum</b>	<b>129 891</b>	<b>100,0</b>	<b>2,61</b>

Kjelde: NAV

likevel blitt avgrensa dei siste åra, ut frå at standard datautstyr har blitt vanleg i bruk blant alle grupper i befolkninga, og at dette ikkje kan reknast som ekstrautgift på grunn av funksjonsproblem. Stønaden avgrensar seg til utstyr og programvare som er spesielt utvikla for og tilpassa personar med funksjonsvanskar.

Folketrygdlova gir heimel for stønad til betring av funksjonsevna, til å skaffe eller halde på arbeid, til å ta utdanning eller til dagleglivet. Føremålet er å finansiere stønad til hjelpemiddel som kan vege opp for følgjene av funksjonsnedsetjing. Ein skal kunne yte stønad som bidrar til aktiv deltaking og inkludering på alle område i samfunnet, og redusere risiko for utstøying og isolering.


Stønadsreglane skil i liten grad mellom aldersgrupper, og heller ikkje mellom diagnosegrupper. Funksjonsevna må vere nedsett på grunn av sjukdom, skade eller lyte, og den må vere vesentleg og varig redusert. Med varig meiner ein til vanleg om lag 2 – 3 år, bortsett frå tilfelle der hjelpemiddel er nødvendig for pleie mot slutten av livet. Så lenge nedsett funksjonsnivå i forhold til krav i omgivnaden er dokumentert, kan det ytast stønad til dei hjelpemidla som er nødvendig. Desse vert vanlegvis finansierte fullt ut.

### Varige strukturelle endringar i befolkninga. Konsekvensar på velferdsområda

Befolkninga er i ferd med å bli eldre. Den såkalla eldrebølgja vil komme for fullt om nokre få år. Den delen av befolkninga som er 70 år og eldre vil auke sterkt. Denne endringa er ikkje ei bølge, i den forstand at det vil «normalisere» seg igjen etter ein periode. Det er derimot ei varig strukturell endring i befolkninga. Denne aldersforskyvinga vil forsterke seg, og bli den nye normalsituasjonen heile dette hundreåret.


Figur 1 syner folketalsutvikling fram mot 2060, med dei føresetnadene som ligg i SSB sine prognosar, middelalternativet. Den syner ei bratt stigning i folketalet fram mot 2035, og sidan ei viss utflating. Vi kan vere oppe i 6 millionar innbyggjarar allereie før 2030. Figur 2 fordeler utviklinga på grovt inndelte aldersgrupper. Aldersgruppa 19 – 66 år har sterk stigning dei første åra, og sidan meir moderat auke. Gruppa 67 år og over har ein jamnare vekst, og den vil halde fram heile denne framskrivingsperioden. Framskrivningane er likevel usikre, og vil vere meir usikre desto lengre fram vi kjem.

**Figur 1** Framskriving av folketal samla og i kvar aldersgruppe fram til 2060



Kjelde SSB

**Figur 2.** Framskriving av folketal i aldersgruppene 60 år og over fram til 2060



Kjelde: SSB

I figur 2 er det berre teke med aldersgruppene frå 60 år og eldre. Den syner ei sterk og langvarig auke i folketalet i desse aldersgruppene, og alle desse aldersgruppene aukar samtidig.

I Perspektivmeldingen 2013 (Meld.St. 12, 2012–2013) er endringa i aldersstrukturen ein av fleire sentrale føresetnader for planlegging av offentleg politikk dei neste 50 åra, og ei hovudutfordring for planlegging og finansiering av ein velferdsstat, som også i framtida skal ivareta alle innbyggjarar. Aldringa i populasjonen vil forskyve talet på folk i pensjonsalder i høve til folk i arbeidsdyktig alder, frå om lag 2 av 10 i dag, til om lag 4 av 10 om 50 år.

Aldringa skriv seg for ein stor del tilbake til dei høge fødselstala etter 2. verdskrig. Vidare er netto innvandring ein vesentleg faktor. I dag har vi spesielt sterk arbeidsinnvandring frå europeiske land. Innvandring frå Asia og Afrika har også til tider vore stor. Framtidig innvandring er vanskeleg å framskrive,


men vi vil etter alt å dømme også framover vere avhengig av arbeidsinnvandring.

Prognosane for gjennomsnittleg levealder vert også oppjustert. Berre i tidsrommet frå 2000 til 2012 har gjennomsnittleg levealder auka med nesten 2 år. I Statistisk Sentralbyrå sine framskrivingar, mellomalternativet, aukar levealder for menn frå 79 år i dag til om lag 83 år i 2050, og for kvinner frå om lag 83 år i dag til om lag 88 år i 2050. Sjølv med ei befolkning som er friskare i høg alder, så vil dette bidra til å auke presset på velferdsordningane.

### Brukarutvikling frå i dag til 2060


Med aukande folkemengd og ikkje minst ein høgare prosentdel eldre i samfunnet vil det etter kvart bli langt fleire personar med funksjonsvanskar, som vil kunne ha behov for hjelpemiddel. Under dei føresetnadene som er nemnd under avsnittet om metode, vil talet på brukarar kvart år som låner eit eller fleire hjelpemiddel kunne utvikle seg som det går fram av figur 3.

**Figur 3.** Framskriving av talet på hjelpemiddelbrukarar samla og i kvar aldersgruppe fram til 2060.



Kjelde NAV

**Figur 4.** Framskriving av talet på brukarar som får hjelpemiddel kvart år, for kvar aldersgruppe, fram til 2060.



Kjelde: NAV

Prosentdelen i kvar aldersgruppe i befolkninga som får hjelpemiddel kvart år er halde konstant (jfr. tabell 1). Det samla talet på brukarar vil då vere på om lag 146 000 i 2020 og om lag 185 000 i 2030. Auken i talet på brukarar vil halde fram heile den perioden vi har framskriving for.

I figur 4 er aldersgruppene blant hjelpemiddelbrukarane sett opp kvar for seg. Den syner korleis dei ulike aldersgruppene vil påverke brukarsamansetjinga for kvart år framover. Det samla talet på brukarar aukar, og dei eldre aldersgruppene står for så godt som heile auken. Det mest slåande er auken i talet på brukarar i aldersgruppa 80 – 89 år. I denne aldersgruppa er det ein stor del av samla populasjon som blir hjelpemiddelbrukarar. Fram til no, og i 3–4-år til vil folketalet i denne aldersgruppa ha ein svak nedgang. Først etter 2025 vil den store auken for denne gruppa komme for fullt, og denne auken vil vere svært serk. Fram mot 2035 vil vi ha nær dobling av talet på brukarar over 80 år.

Aldersgruppa 70 – 79 år er også i stor grad hjelpemiddelbrukarar. For desse vil vi allereie frå og med dette året sjå ein svak auke, medan den største auken kjem frå 2015. Men utslaget i mengd hjelpemiddelbrukarar

er mindre for desse enn for gruppa 80 – 89 år. Vi har allereie lenge hatt ein auke i folketalet i aldersgruppa 60 – 69 år. Dette gir likevel berre små utslag i talet på hjelpemiddelbrukarar i den aldersgruppa.

I tabell 2 har vi oppsummert framskrivingane med eit estimert tal på brukarar nokre bestemte år framover, kor mykje auken frå 2012 vil vere, og den prosentdelen av brukarane som er 70 år og eldre.

**Tabell 2.** Framskriving av talet på brukarar som årleg låner hjelpemiddel

År	Tal på brukarar, anslag	Auke frå 2012 Prosent	Del som er 70 år og eldre Prosent
2012	129 891		61,4
2015	134 900	3,8	61,4
2020	146 000	12,7	62,9
2025	162 000	25,0	65,1
2030	185 000	43,0	68,2
2040	226 000	74,0	72,9
2050	260 000	100,0	75,8
2060	289 000	122,0	77,5

Kjelde: NAV

Sidan førre framskriving i 2007, er talet på hjelpemiddelbrukarar med utlån redusert frå 150 875 i 2006 til 129 890 i 2012. Det er ein reduksjon på 13,9 prosent.

Framskrivinga frå 2007 anslo at talet på brukarar i 2012 kunne vere på om lag 156 400, det vil seie ein auke på 3,7 prosent frå 2006. Samla sett vil den demografiske faktoren ikkje forklare reell nedgang i talet på brukarar. Nedgang i talet på brukarar over 80 år har omtrent tilsvarende vekst i andre aldersgrupper.

Årsaka til overestimeringa skuldast i hovudsak regelverksendringar. Ein del hjelpemiddelgrupper er tekne ut av sortimentet dei siste åra, eller har fått innskrenka stønadsvilkår. Eit døme er bortfall av tilskotet til standard datautstyr. Dette utstyret gjekk ofte til brukarar som ikkje nytta andre hjelpemiddel. Det same kan vere tilfelle ved andre regelendringar, (sjå tekstboks). Talet på brukarar årleg som får utlån har på grunn av dette blitt redusert dei siste åra. Grunnlagsmaterialet for framskrivingane ser difor annleis ut no enn i 2007. Framskrivingane i denne artikkelen har difor ei viss nedjustering av dei resultatane vi hadde i 2007, når det gjeld talet på brukarar årleg framover.

Dei reelle behova for hjelpemiddel og tilrettelegging blir likevel ikkje redusert. Om vi endrar på stønadsreglar og administrative ordningar, vil det i befolkninga likevel vere svært mange menneske med ulike behov for bistand.

### Samfunnsmessige konsekvensar

Aldringa i befolkninga vil vere merkbar i heile samfunnet, på alle sektorar. Det er ein av hovudføresetningane for langsiktig samfunnsplanlegging. Ikkje minst når det gjeld utbygging og organisering av helse- og omsorgstenestene er omsynet til ein eldre befolkning vere den viktigaste faktoren. Formidling av hjelpemiddel utgjør berre ein mindre del av dette.

Aldringa fører med seg ein betydeleg vekst i talet på personar med funksjonsvanskar, som i varierende grad vil ha behov for hjelpemiddel. Framskrivingane kan tyde på at vi, med tilsvarende stønadsreglar og sortiment som i dag, kan ha ei mengd brukarar dei neste åra framover som vist i tabell 2. Aldersprofilen vil likevel endre seg til ei langt større overvekt av eldre brukarar. Oppgåvene knytte til daglegliv, pleie og omsorg vil naturleg nok bli langt større enn i dag.

Det er avgjerande viktig at dei ulike instansane i velferdssamfunnet er førebudde på denne endringa i befolkninga, og eit aukande press på dei ulike ordningane. Det er eit stort politisk ansvar. I vårt tilfelle gjeld dette dei instansane som formidlar hjelpemiddel. Både kommunane og hjelpemiddelsentralane må vere dimensjonert for å kunne ta i mot auka tilgang. Oppgåvene med å legge til rette bustader og miljø eller krev kompetanse på bruk av hjelpemiddel. Med fleire brukarar vil også oppgåvene med service, vedlikehald og oppfølging auke vesentleg.

Innsatsen med å bidra med hjelpemiddel, tilpassingar og tiltak for å få flest mogeleg av dei yngre med funksjonsvanskar i arbeid eller utdanning vil vere like viktig som før. Talet på unge hjelpemiddelbrukarar vil ikkje gå ned, men kunne vere meir stabilt. I ein situasjon der det samla sett blir relativt færre personar i yrkesaktiv alder vil det bli viktigare enn før å få flest mogeleg ut i arbeid, med dei tilpassingane som måtte vere nødvendige.

Utgiftsnivået på dette området vil ha samanheng med i kva grad ressursinnsats og dekningsgrad for kvar brukar skal vere tilnærma som i dag. Med uendra regelverk for stønad vil ein auke i talet på brukarar naturleg nok føre til auke i utgifter til hjelpemiddel. Sjølv med ein høg grad av gjenbruk i mange hjelpemiddelgrupper vil det likevel bli behov for omfattande innkjøp av nye hjelpemiddel.



Andre faktorar vil også påverke utgiftsnivået i ein situasjon der presset på ordningane aukar. Nye generasjonar eldre brukarar vil kunne stille større krav til aktivitet og deltaking enn tidlegare. Aukande levealder vil også kunne bety at helsesituasjonen på kvart alderstrinn til ein viss grad blir betre enn før, og at mange av brukarane vil vere relativt friske og aktive.

Aukande levealder er gjerne eit resultat av betre folkehelse. Gjennomsnittleg vil folk vere friskare i høgare alder. Alderdomsplagene fører med seg varige funksjonsvanskar, og behov for hjelpemiddel og tiltak. Om plagene først melder seg i høgare alder enn før, vil det kunne dempe presset på velferdsordningane generelt, og dermed også på hjelpemiddel- og formidlinga. Men sjølv om lettare eller meir alvorlege plager melder seg seinare, så vil vi likevel få eit høgt tal personar med behov for hjelp i ulike former. Med det høge talet på eldre som kan forventast framover vil det vere viktig med hjelpemiddel og tiltak for at brukarane skal kunne bu lengst mogeleg heime. Omfattande investering i dette vil kunne vere eit alternativ til institusjonsplassar og trygdebustader.

Dei regionale forskjellane i landet er ei interessant problemstilling, som krev ein eigen analyse. Veksten i folketalet fordeler seg skeivt, storbyområda får ein stor del av veksten, medan distrikta får ein mindre del eller ingen vekst. Aldringa i befolkninga vil likevel vere merkbar i alle regionar. På hjelpemiddelområdet vil belastninga med høge tal på nye brukarar slå ujamnt ut blant fylka. Fylke med storbyområde vil kunne få eit sterkare press relativt sett enn det vi har på nasjonalt nivå. I denne omgang har vi ikkje teke med framskrivingar på fylkesnivå.

### Referansar

Gjerde, Sigurd: (2007) *Framtidige behov for hjelpemiddel*. Arbeid og velferd nr. 2, 2007

Meld. St. nr. 12 2012–2013:  
Perspektivmeldingen 2013.

NOU 2001: 22: *Fra bruker til borger*.

NOU 2010: 5: *Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering*.